
Saksnr: 2021/27818-2
Saksbehandlar Terje Haugsgjerd
Dato: 17.08.2021

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering

Tilskot frå Norsk filminstitutt til dataspelkurs og arrangement i bibliotek

Vestland fylkeskommune blei i juni 2021 tildelt kr 200 000 frå Norsk filminstitutt (NFI) til pilotprosjektet Biblioteka i Vestland - arena for spelformidling. Tildelinga er gitt etter søknad på NFI si tilskotsordning kurs og arrangement i bibliotek. Ordninga skal bidra til meir kompetanse om spel i bibliotek, og auka bruk av norske dataspel. Den rettar seg mot spelpedagogar, spelutviklarar og andre arrangørar som kan tilby kurs i bruk av norske dataspel, og som har erfaring med publikumsretta spelarrangement.

I prosjektet samarbeider fylkeskommunen med sju bibliotek i fylket om formidling av spel, med kurs og arrangement i biblioteka i 2021 og 2022. Biblioteka som er med er Alver, Fedje, Samnanger, Stord, Stryn, Ullensvang og Årdal. Midlane vil gå til kurs i spelformidling for alle biblioteka i Vestland, med spelarrangement i biblioteka som er med i prosjektet.

Vedlegg

- 1 Tildelingsbrev, tilskot til dataspelkurs og arrangement i bibliotek